

Høringsuttalelse (KF-340)



Referansenummer: 58WUF5

Registrert dato: 27.08.2019 12:57:51

Innledning

Uttalelsen gis

Personlig

På vegne av foretak/lag/forening

Opplysninger om foretak/lag/forening

Foretak/lag/forening

Lindås Pensjonistlag

Navn på innsender

Arne Aven, Kjell Hauge

Rolle

Arbeidsgruppe, seniorbustader

Adresse

Svehaugane 7

Postnummer

5955

Poststed

Lindås

Telefon

Epostadresse

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Velg høringsuttalelse:

Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Oppheving av reguleringsplan Nappane

Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031

Uttalelse

Bustadområde B1.

Området er medteke i planframlegget saman med krav til etterfølgjande reguleringsarbeid.

Vi har merknader til to av krava slik vi oppfattar dei i konsekvensutgreiinga.

Krav:

Ved en eventuell omdisponering i arealdelen må det gjennom føresegn sikrast kartlegging og gjennomføring av naudsynte tiltak for å sikra vipa sine hekkeområder. Sjå vedlagt notat; Notat_Vipe på Lindås_070519.I

Kravet er begrunna i notat som følgjer planframlegget.

Slik vi les notatet, er det tilhøve som ligg utanfor vårt område, som er årsak til bestandstilbakegang for vipa både på Lindås og elles.

Med den tilletne aktiviteten som alt føregår i Lindås senterområde, trur vi ikkje at bustader på B1 vil vere avgjerande for utviklinga av vipebestanden her.

Ei kartlegging som ligg i kravet, må og etter vår meining, ha eit heilt anna omfang for å få fram årsaker til og komme med tiltak for sikring av vipa sine hekkeområde. Vi er samde i at spørsmålet er vel verdt å ta opp, men ikkje knytast til

reguleringsplanarbeid for B1.

Ber om at kravet vert teke bort.

Krav:

«i tillegg skal det etter RPB Barn og unge finnast erstatningsareal ved nedbygging av areal som nyttast av barn og unge».

Her meiner vi at det grøntområde, som B1 er ein del av, er så stort at å finne erstatningsareal ikkje er nødvendig.

Område B1 er avsett med 13 da, berre ein del av dette kan byggjast på.

Våre meing er at eit godt planlagt bustadområde her, vil vere med å tilretteleggje for tiltak som vil gjere heile grøntområde meir attraktivt enn i dag. Krav om tilpassing til og ivaretaking av området sin verdi som grøntområde ser vi på som eit sjølvsgt krav, men kravt om å finne erstatningsareal ber vi om blir teke ut.